

PRØVEFISKERESULTAT – NEDRE LAKADALSTJØRN, 26.07.2003

Omtale av tjørnet:

- Tjørnet ligg i Auste Lakadalen mellom Øvre Lakadalstjørn og Lakakisen.
- Tjørnet drenerar til Lakjen.
- Tjørnet ligg 1268 moh og er på 14,4 ha.
- Tjørnet har gode gyte- og oppvekstforhold.

Omtale av fisket og fangsten:

- Tjørnet vart prøvefiska ei natt med 1 stk W. Jensen-prøvegarnserie.
- Tjørnet vart sist prøvefiska i 1994, tal i parentes er tal frå dette fisket.
- Samla fangst var 82 aure med ein snittvekt på 96 g (108 g). Største fisk var 481 g (350 g).
- Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var på 0,88 (0,91).
- Med unnatak av dei største fiskane over 25 cm, var alle kvite i kjøtet.
- Fordeling av fangsten på lengdegrupper viser mykje den same fordelinga som frå prøvefisket i 1994.
- Tjørnet er truleg lite nytta til garnfiske.

Konklusjon/tiltak:

- Kvaliteten på auren er under middels.
- Det er lite realistisk å rekna med at interessa for garnfiske i tjørnet vil ta seg opp utan at fiskekvalitet og storleik betrar seg mykje.
- Tjørnet kan vera interessant å nytta som produsent av setjefisk til andre vatn i vassdraget. Bruk av villfisk som setjefisk har erfaringsvis vore effektivt og kan vera eit godt alternativ til kjøp av setjefisk. Utfordringa vert å finna effektive metodar til fangst av villfisken.